



Toskedalen.

Utlånt av Sigmund Simmenes.

## **DEN GAMLE GANGSTIEN MELLOM TOSKEDAL OG KALVIK**

---

Hildur Simmenes

---

Lenge før det vart bygt kjørevegar, var det dei opptrakka gangstiane folket brukte. Dette var vegane mellom bygdene og grannane. Mange av desse vegane vert gløymde, og veks til med busk og kratt. Denne gangstien eg vil fortelja om, har vore brukt så lenge det har budd folk i Toskedalen og på Moen, og det er svært lenge. Her stod ei gammal røykstove heime i det gamle tunet i Toskedalen, truleg var ho frå 1200-talet. No ligg ho i opplag på bruk 3.

Denne gangvegen var den kortaste vegen for folket i Toskedal og på Moen når dei skulle til Stamnes. Den vart nytta heilt fram i 1960-åra. Då byrja dei fyrste bilane å koma til bygda, og med slikt kjøretøy var det raskt å koma til Kallestad. Derfrå til Stamnes vart det sett opp ei båtrute, og skulerute i 1965. I Kalvik vart det slutt på fastbuande folk i 1970-åra. Då låg ikkje båtane ute lenger, klare for roturar over til Stamnes. Før i tida hadde folket i Toskedal ein avtalerett om å få låna båt i Kalvik, mot at dei i Kalvik fekk nytta eit beite i Toskedalsmarka. Den opparbeidde kjørevegen frå Grøsvik til Toskedal vart bygt etter 1910, og var heilt ferdig fram til Kallestad etter 1930. Fjorden var ferdselsvegen for folket i Grøsvik og Gammersvik, men var det meinis, laut også dei gå til Toskedal og over til Kalvik, og ro med båt til Stamnes for å gjera julehandelen sin eller henta jordmor. "Kalvikhavet" er alltid isfritt.

Eg har høyrte fortalt om då Nils skulle henta medisiner til naboen sin i Grøsvik. Dette var før 1906. Han laut til Stamnes, men meinis på fjorden gjorde at han laut gå den lange vegen til Toskedal og Kalvik. På heimattvegen opp dei bratte brekkene frå Kalvik sette han seg for ein kvil. Og trøyt som han var, sovna han. Ikkje så bra det, då han var våt og frosen. Då var det at han kvakk opp av eit kraftig lyn, og det var bra for han.

Denne gangstien vår har motbakke både frå Kalvik og frå Toskedal, derfor sa dei "vegen over fjellet". Frå Kalviknaustet var den fyrste bratta opp til gardsbruket. Vidare gjekk det opp ei ny bratte, den vart kalla Brattebrekko. Så kom ein opp til ei myr, og så var det på nytt stigning til ein flate. Der var ein god kvileplass, lagleg å sitja og kvila frå ryggbøra dei mest alltid måtte bera med seg (før dei gode ryggsekkene kom, var det kipa dei brukte på handleturane til Stamnes). Herifrå hadde dei utsikt til Stamnes, og kyrkja. Ved Halvgjebekken var det godt å drikka av det rennande, reine vatnet. Det var mange namn knytte til denne vegen. Eitt var Dokke-Marta-steinen oppe på "fjellet". Eg har høyrte ymse tolkingar av namnet. Så var det Klypesmyra, og det var Kleiva. I Toskedalen kalla dei denne vegen for Kyrkjevegen. Sundagane det var gudsteneste på Stamnes gjekk alle som slapp heimanfrå, til kyrkje. I Kalvik fekk dei båtfulgje over til Stamnes.

No vil eg ta med noko som Marta Toskedal fortalde meg om fyrste gongen ho gjekk frå Kalvik. Marta vart fødd i Dyvik i 1855, og ho døydd i 1949. Ho og mannen hennar hadde kjøpt gard i Toskedal. Simon var fødd på Verpelstad i 1846. Dei gifte seg i 1878, og budde på Verpelstad dei fyrste åra. Simon var bygningsmann, og reiste omkring i arbeidet sitt. Det var meininga at dei skulle busetja seg på Dale. Dei hadde kjøpt fint grantømmer til ei stove å setja opp "uti Kvammen", som Marta sa. Men så fekk Simon tilbod om å få kjøpa denne garden i Toskedal som mor hans var frå. Marta sa ja til dette, ho ville helst vera bondekone. Ho var sterk og glad i å arbeida ute, og få eigen gard såg ho fram til.

Eg hugsar enno kor levande Marta fortalde, medan eg sat og karda ulla som ho sat og spann til garn, ho mintest med glede. Det var ein fin vårdag i førstninga av mai 1881. Dei starta tidleg om morgonen turen ned frå Verpelstad, på

gangstien derfrå. Nede ved fjorden hadde Simon båten sin. Han hadde vore nede med ei børa dagen før. Marta bar med seg dei to små døtrene deira, Dorthea på to år og Barbru på fire veker.

Då dei kom roande utover i Bolstadfjorden og Marta såg Dyvik, ville ho få gå i land, så faren hennar og syskena hennar kunne få sjå borna deira. Ho fekk òg snakka med yngste syster si, Brita på 17 år, om ho seinare om våren kunne koma til Toskedal og passa borna. For Marta hadde ikkje tenkt å gå inne i huset. Ho ville vera med Simon ute i arbeidet på garden. Dei la til lands i Kalvik, og Simon fortalde at det tok vanlegvis meir eller mindre éin time å gå til Toskedal, alt etter kor lange kvilestunder dei tok. Oppe i tunet i Kalvik kom folket ut for å helsa på dei nye eigarane til bruk 1 i Toskedal. Dei vart bedne på mat og drikke, noko dei laut seia nei takk til denne gongen, dei hadde vore til bords i Dyvik. Så laut dei koma seg vidare før kvelden kom, dei skulle inn i ny heim.

Marta hadde Dorthea på ryggen, og spedbarnet Barbru bar ho i armane. Simon hadde børa med ymse bruksting og klede. Han hadde gått denne vegen før saman med mor si, men Marta hadde aldri vore i Toskedalen, så alt var nytt for henne, og ho hadde mange spørsmål til Simon. Det var ein velbrukt gangsti. Brattebrekko var tyngste stykket. Då dei kom til Kvilesteinen var det godt å sitja ei stund. Dei såg bort til Stamnes, og Marta tenkte at *heretter vil dette verta kyrkjevegen vår*. Simon fortalde om gardane dei ville verta i gravrota med.

Då dei kom til Fagerbrotet måtte dei stogga på. Herfrå hadde dei utsyn til Toskedalen. Marta har fortalt om kor glad ho vart; det var så fint det ho såg. Det store vatnet låg nedi dalbotnen og spegla av skogliane og fjelltoppane. Sør om vatnet kneisa den 670 meter høge Snjonipa, då med ein krans av snjo på toppen. Simon fortalde om namna på det dei såg: *Der bekken renn ut or vatnet, går den bratt ned til Svartevatnet og der nede står kvernhuset til bruket vårt. Den djupe vika i vatnet sørvest er Moavika, derfrå går gangstien til garden Moen, der bur éin huslyd*. Morfaren til Simon kom derfrå, han hadde kjøpt garden i Toskedal i 1792 og gifta seg med ei jente frå Grøsvik, han heitte òg Simon. *Sidan var bruket vårt kalla Simo-bruket*, fortalde den yngre Simon.

No var det kort veg ned til gardstunet, der husa til dei tre bruka stod. Ja, dei stod så tett at dei fylgde vel alle med kva som hende, og då det kom folk til gards, ville dei helsa på og fretta nytt utanfrå. Simon sitt syskenbarn Johannes bad dei inn og synte dei til rettes i huset. Han sjølv hadde flytta sitt bu opp på Stovelemmen, der han ville bu når han no vart kårkadl. Der huset deira stod, vert også i dag kalla Simobrekko. Neste dag måtte Simon gå att til Kalvik og henta meir av utstyret dei hadde med seg. Stovetømmeret dei hadde kjøpt, rodde Simon til Grøsvik, og han og Marta bar det derfrå, på gangsti der også.

Simon flytta det gamle huset bort til der bruket hadde dei beste åkrane og teigane sine. Der hadde dei frå før kornløa si. Det nye grantømmeret vart bygt attåt gamlehuset. Dei fekk fleire born, og Kyrkjevegen vart ofte brukt. Dette var vegen, og eg trur knapt dei tenkte at den var bratt. Det har nok vore mange historier knytte til denne vegen som folket har brukt i mange hundre år. Siste gong det vart bore

likkiste denne vegen var i 1918. Den 18 år gamle dottera hennar Marta døydde av den smittsame sjukdomen tyfus. Det var ei svært tung tid for enkja Marta. Grunna smitten kunne ho ikkje vera i lag med naboane. Ho stod ved vindauga og såg dei bar kista med Inga i opp Kyrkjevegen, denne vegen ho hadde gått så mange gonger både i glede og sorg. To småborn hadde ho mist, og mannen Simon døydde i 1912.

Etterkomarane til Marta og Simon har brukt vegen ofte, likeeins dei frå nabobruka. Eg har så mange minne etter å ha gått denne vegen tallause gonger. Eg minnest ein fin vårdag i 1960 eg skulle til Dale. Eg gjekk frå Toskedal før klokka 6 om morgonen, og fekk ein god tur gjennom skogen i den herlege morgonstunda. Fuglane kvitra og song sin pris til den nye dagen. Halvgjebekken rann så friskt og fritt oppå fjellet. Vel nede i Kalvik kom "Jåbekken" tøffande til kaien, eg hadde ringt og tinga han til å henta meg. Jåbekken gjekk i rute frå Stamnes til Dæmring. Derfrå var det bussrute til Dale. Der var ikkje bru over Bolstadfjorden då. Om kvelden hadde eg same fine turen heimatt.

Kring i Noreg er det enno mange att som hugsar at det var her dei gjekk når dei skulle "gå for presten". Eg hugsar òg helgane under krigen, då kom her Dalefolk. Dei kjende vegen frå Kalvik til Toskedal. Her var det gardar som produserte mat.

Denne gangstien som så mange andre slike i bygdene våre, vil vel gå i gløymeboka med tida, vilkåra for bruk er ikkje til lenger. Ein sumardag i år 1999 gjekk den yngre generasjon frå Gammersvik, Grøsvik og Toskedal av garde med øksar og sager, dei ville rydja den gamle gangstien. Eg såg med glede på denne dugnadsgjengen. Måtte minna om farne tider få leva.